



Samferdselsdepartementet

Innbyding

Innbyding til konkurranse

Drift av regionale ruteflygingar i Nord-Noreg
1. april 2022 – 31. mars 2024



Innbyding til konkurranse

Drift av regionale ruteflygingar i Nord-Noreg
1. april 2022 – 31. mars 2024

| | |
|--|-----------|
| PROSEDYREREGLAR FOR FLYRUTEKJØP | 3 |
| 1. OPPDRAGET | 3 |
| 2. ALLMENNE REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN | 6 |
| 3. KRAV TIL TILBYDARANE OG DOKUMENTASJON | 9 |
| 4. FORHOLD TILBYDARANE PLIKTAR Å GJERE SEG KJENDE MED | 10 |
| 5. KRAV TIL TILBODET | 11 |
| 6. TILBODSHANDSAMING I SAMFERDSELSDEPARTEMENTET | 19 |
| 7. AVGJERD AV KONKURRANSEN | 20 |
| VEDLEGG 1. FORPLIKTINGAR TIL OFFENTLEG TENESTEYTING (FOT) | 21 |
| 1. INNLEIING | 21 |
| 2. FORPLIKTINGAR (FOT) PER RUTE | 22 |
| 2.1 RUTEOMRÅDE 1 | 22 |
| 2.1.1 ALTA | 22 |
| 2.1.2 HAMMERFEST | 23 |
| 2.1.3 KIRKENES | 24 |
| 2.1.4 VADSØ | 25 |
| 2.1.5 VARDØ | 26 |
| 2.1.6 BÅTSFJORD | 27 |
| 2.1.7 BERLEVÅG | 28 |
| 2.1.8 MEHAMN | 29 |
| 2.1.9 HONNINGSVÅG | 30 |
| 2.2 RUTEOMRÅDE 2 | 31 |
| 2.2.1 HASVIK–TROMSØ, HASVIK–HAMMERFEST | 31 |
| 2.2.2 SØRKJØSEN–TROMSØ | 32 |
| 2.3 RUTEOMRÅDE 3 | 33 |
| 2.3.1 LAKSELV–TROMSØ | 33 |
| 2.4 RUTEOMRÅDE 4 | 34 |
| 2.4.1 ANDØYA–BODØ, ANDØYA–TROMSØ | 34 |
| 2.5 RUTEOMRÅDE 5 | 35 |
| 2.5.1 HARSTAD/NARVIK–TROMSØ | 35 |
| 2.5.2 HARSTAD/NARVIK–BODØ | 36 |
| 2.6 RUTEOMRÅDE 6 | 37 |
| 2.6.1 STOKMARKNES–BODØ | 37 |
| 2.6.2 STOKMARKNES–TROMSØ | 38 |
| 2.7 RUTEOMRÅDE 7 | 39 |
| 2.7.1 SVOLVÆR–BODØ | 39 |
| 2.8 RUTEOMRÅDE 8 | 40 |
| 2.8.1 LEKNES–BODØ | 40 |
| 2.9 RUTEOMRÅDE 9 | 41 |
| 2.9.1 RØST–BODØ | 41 |
| 2.10 RUTEOMRÅDE 10 | 42 |
| 2.10.1 BRØNNØYSUND–BODØ | 42 |
| 2.10.2 BRØNNØYSUND–TRONDHEIM | 43 |
| 2.11 RUTEOMRÅDE 11 | 44 |
| 2.11.1 SANDNESSJØEN–BODØ | 44 |
| 2.11.2 SANDNESSJØEN–TRONDHEIM | 45 |
| 2.12 RUTEOMRÅDE 12 | 46 |

| | |
|---|------------|
| 2.12.1 MO I RANA–BODØ | 46 |
| 2.12.2 MO I RANA–TRONDHEIM | 47 |
| 2.13 RUTEOMRÅDE 13 | 48 |
| 2.13.1 MOSJØEN–BODØ | 48 |
| 2.13.2 MOSJØEN–TRONDHEIM | 49 |
| 2.14 RUTEOMRÅDE 14 | 50 |
| 2.14.1 RØRVIK–TRONDHEIM | 50 |
| 2.14.2 NAMSOS–TRONDHEIM | 51 |
| 2.15 BILLETTPRIS | 52 |
| 2.16 REGLAR OM SOSIALE RABATTAR | 54 |
| 2.17 RUTEDRIFT | 55 |
| 3. TILLEGGSKRAV SOM GJELD VED TILDELING AV EINERETT | 56 |
| 4. ERSTATNING OG OPPHEVING AV TIDLEGARE FORPLIKTINGAR TIL OFFENTLEG TENESTEYTING | 56 |
| VEDLEGG 2. KONTRAKT OM RUTEFLYGING | 57 |
| 1. DOKUMENT SOM INNGÅR I KONTRAKTEN | 57 |
| 2. KONTRAKTEN GJELD FØLGJANDE RUTER: | 57 |
| 3. KONTRAKTPERIODE | 57 |
| 4. EINERETT TIL Å TRAFIKKERE | 57 |
| 5. KRAV TIL DRIFTA | 57 |
| 6. BILLETTPRISAR, RABATTAR, SALKANALAR OG VILKÅR | 59 |
| 7. BETALING AV KOMPENSASJON, RISIKODELING OG ANNA | 60 |
| 8. INNSYNSRETT FOR SAMFERDSELSDEPARTEMENTET, RAPPORTERINGSPLIKT FOR OPERATØREN | 61 |
| 9. REFORHANDLING | 62 |
| 10. SUSPENSJON AV KONTRAKTPLIKTER | 63 |
| 11. OPPSEIING, HEVING OG ANDRE GRUNNAR TIL OPPHØYR | 64 |
| 12. TVISTEMÅL | 65 |
| 13. OVERFØRING AV KONTRAKTANSVAR | 65 |
| 14. SIGNERING | 65 |
| VEDLEGG 3. TILBODSSKJEMA | 66 |
| VEDLEGG 4. BUDSJETT | 74 |
| VEDLEGG 5. RETTLEIANDE TRAFIKKOPPLYSNINGAR | 77 |
| APRIL 2020 – MARS 2021 | 78 |
| APRIL 2019 – MARS 2020 | 87 |
| APRIL 2018 – MARS 2019 | 95 |
| APRIL 2017 – MARS 2018 | 104 |
| VEDLEGG 6. FORSKRIFT AV 12. AUGUST 2011 NR. 833 OM LUFTRANSPORTTJENESTER I EØS | 112 |
| VEDLEGG 7. FORORDNING NR. 1008/2008 | 123 |

PROSEDYREREGLAR FOR FLYRUTEKJØP

1. Oppdraget

1.1 Oppdragsgjevar

Samferdselsdepartementet er oppdragsgjevar for denne anskaffinga og vil vere kontraktspart for den tilbydar som vinn konkurransen. Vinnaren får tildelt einerett, jf. nedanfor.

Luftfartstilsynet er ansvarleg for å utferde lisens og føre tilsyn med norske luftfartsselskap. Luftfartstilsynet vil i konkurransefasen for denne anskaffinga òg ha ei rolle som rådgjevar for Samferdselsdepartementet.

1.2 Bakgrunn

Samferdsledepartementet inviterer til konkurranse med forhandling om regionale ruteflygingar på dei flyrutene som er nemnt i punkt 1.4 for perioden 1. april 2022 til 31. mars 2024.

Hovudregelen er at det er fri rett til å etablere flyruter i EØS. Som det går fram nedanfor er gjennomføringa av konkurransen derfor grunna i at ingen vel å drifte rutene utan kontrakt og einerett.

Kunngjeringa av konkurransen skjer etter reglane i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1008/2008 av 24. september 2008 om felles regler for drift av lufttrafikk i Fellesskapet (i det følgjande kalla «lufttransportforordninga»), jf. vedlegg 7 og forskrift av 12. august 2011 nr. 833 om lufttransporttjenester i EØS (i det følgjande kalla «lufttransportforskrifta»), jf. vedlegg 6.

1.3 Formål

Formålet med denne invitasjonen er å innhente tilbod som kan danne grunnlag for tildeling av einerett til å drifte ei rute i samsvar med lufttransportforskrifta § 11, jf. lufttransportforordninga artikkel 16 nr. 9 og 10 og artikkel 17.

Har ikkje noko luftfartsselskap starta eller dokumentert overfor Samferdselsdepartementet at det frå 1. april 2022 vil starte vedvarande ruteflygingar i samsvar med dei pålagte forpliktingane til offentleg tenesteyting for ruteområdet som er spesifisert i vedlegg 1, vil Samferdselsdepartementet tildele einerett til å trafikkere dei aktuelle rutene. Om fristar for å melde kommersiell drift mv., sjå punkt 7.1.

Flyrutene som er omfatta av konkurransen skal som eit minimum driftast i samsvar med krava i vedlegg 1. Desse forpliktingane vil i det følgjande bli omtalt som «forpliktingar til offentleg tenesteyting» eller «FOT».

1.4 Ruter og kontraktperiode

Innbydinga gjeld ruteflygingar i Nord-Noreg i perioden 1. april 2022 – 31. mars 2024. Desse ruteområda er:

| Ruteområde | Rute(r) |
|------------|--|
| 1 | Ruter mellom Kirkenes, Vadsø, Vardø, Båtsfjord, Berlevåg, Mehamn, Honningsvåg, Hammerfest og Alta. |
| 2 | Hasvik–Tromsø v.v. Hasvik–Hammerfest v.v. Sørkjosen–Tromsø v.v. |
| 3 | Lakselv–Tromsø v.v. |
| 4 | Andøya–Bodø v.v. Andøya–Tromsø v.v. |
| 5 | Harstad/Narvik–Tromsø v.v. Harstad/Narvik–Bodø v.v. |
| 6 | Stokmarknes–Bodø v.v. Stokmarknes–Tromsø v.v. |
| 7 | Svolvær–Bodø v.v. |
| 8 | Leknes–Bodø v.v. |
| 9 | Røst–Bodø v.v. |
| 10 | Brønnøysund–Bodø v.v. Brønnøysund–Trondheim v.v. |
| 11 | Sandnessjøen–Bodø v.v. Sandnessjøen–Trondheim v.v. |
| 12 | Mo i Rana–Bodø v.v. Mo i Rana–Trondheim v.v. |
| 13 | Mosjøen–Bodø v.v. Mosjøen–Trondheim v.v. |
| 14 | Namsos–Trondheim v.v. Rørvik–Trondheim v.v. |

Tilbydaren kan ikkje ta atterhald mot tidspunktet for oppstart, jf. punkt 5.5.4 nedanfor.

1.5 Kunngjering

Konkurransen er kunngjort i Den europeiske unions tidende nr. C 396 og i EØS-tillegget nr. 63, kunngjort 30. september 2021.

1.6 Samferdselsdepartementet – adresse og kontaktpersonar

Departementet har denne adressa:

Samferdselsdepartementet

Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Norge

Kontoradresse: Akersgt. 59, Oslo

E-postadresse: postmottak@sd.dep.no

Kontaktpersonar i Samferdselsdepartementet er:

Seniorrådgjevar Andreas Neumann, (+47) 97 51 15 90, andreas.neumann@sd.dep.no

Rådgjevar Jens Nesbø, (+47) 97 69 06 50, jens.nesbo@sd.dep.no

2. Allmenne reglar for gjennomføring av konkurransen

2.1 Reglar for konkurransen

Konkurransen vil bli gjennomført i samsvar med lufttransportforordninga og lufttransportforskrifta, og dei utfyllande krava som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Departementet gjer merksam på at forskrifta på nokre punkt inneheld meir utførlege reglar om avviklinga av konkurransen enn dei som går fram av dette konkurransegrunnlaget, og at reglane i forskrifta òg gjeld for konkurransen.

2.2 Konkurransformer

Konkurransen skjer som «kjøp etter forhandling» slik dette omgrepet er definert i lufttransportforskrifta § 4 nr. 3. Dette har konsekvensar for konkurranseforma som er nemnt fleire andre stader i lufttransportforskrifta. Sjå mellom anna §§ 20, 23 og 24.

2.3 Konkurransgrunnlaget

2.3.1 Generelt

Konkurransegrunnlaget inneheld følgande dokument:

- Prosedyrereglane for flyrutekjøp
- Forplikingar til offentleg tenesteyting (FOT) (vedlegg 1)
- Kontraktvilkår (vedlegg 2)
- Tilbodsskjema (vedlegg 3)
- Skjema for budsjett (vedlegg 4)
- Rettleiande trafikkopplysningar (vedlegg 5)
- Lufttransportforskrifta (vedlegg 6)
- Lufttransportforordninga (vedlegg 7)

Avtalen som Samferdselsdepartementet inngår med vinnaren av konkurransen vert regulert av kontraktvilkåra.

Før tilbodet blir levert, er det forventat at tilbydaren har gjort seg kjent med dei fullstendige kontraktvilkåra, ikkje berre dei delane av kontraktvilkåra som er refererte i konkurransegrunnlagets prosedyrereglar.

2.3.2 Tilleggsopplysningar

Tilbydarane vert oppmoda til å ta kontakt med Samferdselsdepartementet dersom dei har spørsmål til konkurransedokumenta, irekna føresetnadane for levering av den tenesta som vert kjøpt.

Dersom tilbydaren finn at konkurransedokumenta ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, bør han be Samferdselsdepartementet om tilleggsopplysningar ved å vende seg skriftleg til adressa i punkt 1.6.

Dersom Samferdselsdepartementet blir bedt om tilleggsinformasjon til konkurransegrunnlaget i tilstrekkeleg tid før tilbudsfristen går ut (sjå punkt 5.2), skal Samferdselsdepartementet sende spørsmålet og svaret til alle tilbydarar som har registrert seg hos Samferdselsdepartementet (sjå punkt 1.6 og 2.4) og seinast seks dagar før tilbudsfristen går ut.

Spørsmål om tilleggsopplysningar skal merkast "Tilleggsopplysningar regionale ruteflygingar".

2.3.3 Rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget

Fram til fristen for å levere tilbod kan Samferdselsdepartementet rette, supplere og endre konkurransegrunnlaget så lenge desse ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringar eller endringar skal straks sendast til alle tilbydarane som har registrert seg hos Samferdselsdepartementet i samsvar med punkt 1.6 og 2.4. I tillegg vil departementet gjere opplysningane tilgjengelege på nettsida til departementet:

<https://www.regjeringen.no/no/dokument/andre/id438824/?documenttype=dokumenter/anbud&ownerid=791>

Dersom rettingar, suppleringar eller endringar kjem så seint at det er vanskeleg for tilbydarane å ta omsyn til dei i tilbodet, skal det fastsetjast ei rimeleg forlenging av tilbudsfristen. Alle tilbydarane som har registrert seg hos Samferdselsdepartementet (sjå punkt 1.6 og 2.4) skal bli varsla om forlenginga.

2.4 Registrering av tilbydarar

Dei som vurderer å gje tilbod, må registrere seg ved Samferdselsdepartementet for å sikre seg eventuell tilleggsinformasjon frå departementet, og for å få tilsendt datafil med budsjettmal for tilbodet (sjå vedlegg 4). Tilleggsinformasjon vil bli gjort tilgjengeleg på nettsida til departementet (regjeringen.no).

2.5 Offentleg innsyn

For offentlig innsyn i tilbod og protokoll gjeld lov av 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i offentlig verksemd (offentleglova). Innsynet kan avgrensast med heimel i offentliglova § 13 eller § 27, jf. særleg § 9 andre ledd i forskrift nr. 1119 til offentliglova av 17. oktober 2008.

2.6 Teieplikt

Dei tilsette i Samferdselsdepartementet pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innrettingar og framgangsmåtar eller om drifts- og forretningsforhold som det, av omsyn til den opplysningane gjeld, kan ha konkurranseverdi å halde hemmelege.

Tilbydar skal levere ein sladda versjon av sitt tilbod, der opplysningar tilbydar meiner er underlagt teieplikt skal vere sladda. Oppdragsgjevar har sjølvstendig plikt for å vurdere

kva for opplysningar i tilbodet som er omfatta av teieplikta. Den sladda versjon av tilbodet er berre rettleiande. Dersom tilbydar meiner at ingen opplysningar i tilbodet er teiepliktige, skal dette stadfestast i tilbods brevet.

2.7 Habilitet

Habilitetsreglane i forvaltningslova §§ 6 til 10 gjeld for konkurransen.

3. Krav til tilbydarane og dokumentasjon

3.1 Innleiing

For å kunne bli tildelt kontrakt må tilbydaren kunne dokumentere at han har dei naudsynte tekniske og operative føresetnadane for å operere på den aktuelle rutestrekninga.

Nedanfor følgjer ei oversikt over kvalifikasjonskrava tilbydar må kunne dokumentere i tilbodet.

3.2. Lisens

Alle tilbydarane må ha gyldig lisens i samsvar med forordning (EF) nr. 1008/2008 av 24. september 2008 om felles regler for drift av lufttrafikk i Fellesskapet. Kravet er òg omtalt i lufttransportforskrifta § 12.

Dersom tilbydaren søker om lisens for første gang, skal lisenssøknaden leggst ved tilbodet. Samferdselsdepartementet er ikkje den myndigheita som utferdar lisensar, og tilbydaren ber risikoen for at lisens blir gitt.

Tilbydarar som ikkje har gyldig lisens, eller som ikkje kan påvise at gyldig lisens vil liggja føre ved tidspunktet for tildeling, vil bli avvist.

3.3 Attest for skatt og meirverdiavgift

Alle norske tilbydarar skal leggje ved attest for skatt og meirverdiavgift i tilbodet. Attestane må vere mottekne seinast når tilbodsfristen går ut. Attestane skal ikkje vere meir enn seks månader gamle, rekna frå tilbodsfristen.

3.4 Krav til rekneskapsskilje

Dersom tilbydaren får tilskot for drift av andre flyruter enn dei som inngår i denne konkurransen, skal rekneskapet skilje mellom den delen av verksemda som omfattar dei andre rutene og den delen av verksemda som er omfatta av denne konkurransen. Tilbydaren skal greie ut om dette i tilbodet.

4. Forhold tilbydarane pliktar å gjere seg kjende med

4.1 Trafikkopplysningar

I vedlegg 5 til konkurransegrunnlaget følgjer oversikter over historiske trafikktal for rutene omfatta av konkurransen. Tilbydarane pliktar å gjere seg kjende med desse opplysningane og kan ikkje seinare hevde at dei ikkje kjende til eller forstod opplysningane. Departementet gjer merksam på at trafikktala berre er rettleiande, og at tilbydarane sjølv har det fulle ansvaret for dei føresetnadane dei legg til grunn om trafikken i sine tilbod.

4.2 Tekniske og operative krav

Tilbydarane plikter å setje seg inn i dei tekniske og operative krava som gjeld for dei aktuelle lufthamnene.

For nærmare informasjon ta kontakt med:

- Luftfartstilsynet (postmottak@caa.no, +47 75 58 50 00, kontaktperson Ståle Rosland)
- Avinor (post@avinor.no, +47 67 03 00 00, kontaktperson Lars Draagen)

4.3 Avgrensingar i bruken av luftrommet

Tilbydarane skal setje seg nøye inn i dei særskilde vilkåra som gjer seg gjeldande ved dei aktuelle lufthamnene. Tilbydarane må også rette seg etter avgrensingane på militær bruk av luftrommet som gjeld når tilbodet blir levert inn, jf. forskrift av 13. mars 2007 nr. 266 om fleksibel bruk av luftrommet:

<http://www.lovddata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20070313-0266.html>

Utstrekning og aktiviseringstidspunkt for treningsområda er publisert i AIP Norge. Nærmare informasjon om avtalar som er inngått mellom Luftforsvaret og Avinor AS i tilknytning til den nemnde forskrifta, kan ein få frå Avinor.

4.4 Lover, forskrifter og vedtak

Tilbydarane skal gjere seg kjende med alle relevante lover, forskrifter og vedtak. Tilbodet skal leggje til grunn dei rettsreglane som gjeld ved tilbodsfristen, og eventuelle lov- eller forskriftsendringar og nye vedtak som ein ved tilbodsfristen kan rekna med vil kome.

Så lenge kontrakten er gjeldande, pliktar leverandøren til kvar tid å utføre drifta i samsvar med alle relevante rettsreglar, deriblant den norske luftfartsloven med tilhøyrande forskrifter, andre reglar på området og eventuelle pålegg frå offentlege myndigheiter. Vi framhevar særleg luftfartslova, arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter (sjå forskrift om utsendte arbeidstakarar), forskrift om universell utforming av lufthamner mv. og internasjonale konvensjonar (særleg relevante ILO-konvensjonar). Sjå òg punkt 5.8 og 5.13 i kontraktvilkåra (vedlegg 2).

5. Krav til tilbodet

5.1 Krav til utforming og levering av tilbodet

1. Tilbodet skal vere elektronisk og innehalde eit utfylt tilbodsskjema (sjå vedlegg 3) som skal vere datert, underteikna og merka med namnet på tilbydar. Dersom to eller fleire tilbydarar leverer tilbod i fellesskap, må alle tilbydarane signere tilbodet.
2. Sendinga skal vere merka ”Tilbod FOT-rute”.
3. Tilbodet skal leverast på eit skandinavisk språk eller på engelsk.
4. Tilbodet skal sendast med e-post til Samferdselsdepartementet si adresse (sjå punkt 1.6). Sjå elles lufttransportforskrifta § 17.

5.2 Tilbodsfrist

Tilbodsfristen er 30. november 2021 kl. 12.00 (lokal tid).

Tilbodet må vere tatt imot av Samferdselsdepartementet på e-postadressa som er nemnt i punkt 1.6 før tilbodsfristen går ut.

For seint innkomne tilbod kan bli avvist i medhald av lufttransportforskrifta § 18.

5.3 Endring og tilbakekalling av tilbod

Eit tilbod kan kallast tilbake eller endrast fram til tilbodsfristen går ut. Tilbakekallinga må gjerast skriftleg. Eit endra tilbod er å rekne som eit nytt tilbod og skal vere utforma i samsvar med krava i desse prosedyrereglane.

5.4 Frist for å vedstå seg tilbodet

Tilbydarane skal vedstå seg tilbodet i 120 dagar rekna frå når fristen for levering av tilbod går ut.

Samferdselsdepartementet kan be alle tilbydarane om å gje erklæring om at fristen for å vedstå seg tilbodet blir forlenga.

5.5 Innhald i tilbodet

5.5.1 Dei tilbydde tenestene og føresetnader for tenesteleveransen

5.5.1.1 Tilbod på ei eller fleire ruter

Tilbydaren skal gi separate tilbod for kvar enkelt rute. Det er lov til å gi tilbod på berre ei eller nokre av rutene.

| Ruteområde | Rute(r) |
|------------|--|
| 1 | Ruter mellom Kirkenes, Vadsø, Vardø, Båtsfjord, Berlevåg, Mehamn, Honningsvåg, Hammerfest og Alta. |
| 2 | Hasvik–Tromsø v.v. Hasvik–Hammerfest v.v. Sørkjosen – Tromsø v.v. |
| 3 | Lakselv–Tromsø v.v. |
| 4 | Andøya–Bodø v.v. Andøya–Tromsø v.v. |
| 5 | Harstad/Narvik–Tromsø v.v. Harstad/Narvik–Bodø v.v. |
| 6 | Stokmarknes–Bodø v.v. Stokmarknes–Tromsø v.v. |
| 7 | Svolvær–Bodø v.v. |
| 8 | Leknes–Bodø v.v. |
| 9 | Røst–Bodø v.v. |
| 10 | Brønnøysund–Bodø v.v. Brønnøysund–Trondheim v.v. |
| 11 | Sandnessjøen–Bodø v.v. Sandnessjøen–Trondheim v.v. |
| 12 | Mo i Rana–Bodø v.v. Mo i Rana–Trondheim v.v. |
| 13 | Mosjøen–Bodø v.v. Mosjøen–Trondheim v.v. |
| 14 | Namsos–Trondheim v.v. Rørvik–Trondheim v.v. |

I tillegg kan tilbydaren by på gyldige kombinasjonar av ruter dersom det kan gjere det samla behovet for kompensasjon lågare.

Desse kombinasjonane av ruter er tillatne:

- a. Ruteområde 1 og 2
- b. Ruteområde 3 og 4
- c. Ruteområde 3 og 5
- d. Ruteområde 4 og 5
- e. Ruteområde 3, 4 og 5
- f. Ruteområde 6 og 7

- g. Ruteområde 6 og 8
- h. Ruteområde 7 og 8
- i. Ruteområde 6, 7 og 8
- j. Ruteområde 6, 7, 8 og 9
- k. Ruteområde 10 og 11
- l. Ruteområde 12 og 13
- m. Ruteområde 10, 11, 12 og 13
- n. Ruteområde 10, 11, 12, 13 og 14

Dersom tilbydaren vel å gi tilbod på kombinasjonar av ruteområde i tillegg til tilbod på kvart enkelt ruteområde, skal han òg gi tilbod på alle tillatne delkombinasjonar som i sin heilskap inngår i ein større kombinasjon han òg gir tilbod på.

Eksempel 1

Ein delkombinasjon er ein kombinasjon der alle ruteområda også inngår i ein større kombinasjon.

I kombinasjon n , inngår delkombinasjonane k , l og m .

Eksempel 2

Tilbydar 1 byr på kombinasjon n (ruteområde 10, 11, 12, 13 og 14), som er den største kombinasjonen. Han er då nøydd til å by på alle dei andre tillatne kombinasjonane (kombinasjon k , l og m) og ruteområda 10, 11, 12, 13 og 14.

Tilbydar 2 byr på kombinasjon e (ruteområde 3, 4 og 5). Han er då nøydd til å by på dei andre tillatne delkombinasjonane i kombinasjon e (kombinasjon b , c og d) og ruteområda 3, 4 og 5.

På denne måten kan tilbydaren vinne anten ein stor kombinasjon, ein mindre delkombinasjon eller eit eller fleire ruteområde, samtidig som ein annan tilbydar vinn ein annan delkombinasjon eller eitt eller fleire andre ruteområde.

Tilbydarar kan altså ikkje delta i konkurransen med vilkår om at han skal vinne alt eller ingenting.

Eksempel 3

- Tilbydar 1 byr 100 for kombinasjon n
- Tilbydar 2 byr 90 for kombinasjon m
- Tilbydar 3 byr 40 for kombinasjon l

For at tilbydar 2 skal vinne kombinasjon m , må ein annan tilbydar ha bydd mindre enn 10 for ruteområde 14. Elles vil bodet til tilbydar 1 for kombinasjon n vere lågare enn summen av boda på kombinasjon m og ruteområde 14.

For at tilbydar 3 skal vinne kombinasjon l , må ein annan tilbydar ha bydd mindre enn 50 for kombinasjon k og mindre enn 10 for ruteområde 14, eller summen av enkeltboda på ruteområde 10, 11 og 14 må vere mindre enn 50. Elles vil bodet til tilbydar 1 og/eller 2 vere lågare enn summen av boda på kombinasjon k og l og ruteområde 14 eller enkeltboda på ruteområda 10, 11, 12, 13 og 14.

Tilbodet skal innehalde tilbodsbudsjett for kvar enkelt rute, jf. vedlegg 4. Budsjetta skal vise fordelinga av kostnader og inntekter på kvar rute som er med i kombinasjonen, og kva kompensasjon tilbydaren krev for kvar rute. Sjå vedlegg 3 Tilbodsskjema.

5.5.1.2 Krav til spesifikasjon av tilbydd teneste

Tilbodet skal minst innehalde følgande spesifikasjon av tenestene, jf. FOT i vedlegg 1:

- i. Ruteprogram og rutestruktur
 - i. daglege avgangar og rutetider
 - ii. tilbydd setekapasitet per år

Innanfor dei rammene som følgjer av FOT (vedlegg 1), skal tilbydaren sjølv utarbeide nødvendig ruteprogram for ruteområdet, jf. kontraktvilkåra (vedlegg 2) punkt 5. Ruteprogrammet skal liggje ved tilbodet og innehalde ein spesifikasjon av kor mange seter som blir tilbydd. Som det går fram av punkt 7.2 vil dette bli lagt vekt på i vurderinga av tilbodet, men berre dersom alle tilbod inneheld identiske kompensasjonskrav.

- ii. Billettprisar
 - i. Struktur, nivå, vilkår og rabattar
- iii. Luftfartøy
 - i. Type luftfartøy
 - ii. Storleik (setekapasitet)
 - iii. Lastekapasitet

Tenestene som er omfatta av anskaffinga skal utførast av tilbydar sjølv. Å leige inn luftfartøy med mannskap ("wet-lease") er berre unntaksvis tillate, og berre dersom oppdragsgjevar aksepterer dette på førehand (sjå kontraktvilkåra punkt 5.12).

5.5.2 Tilbodsskjema, tilbudsbudsjett, krav om økonomisk kompensasjon og billettprisar

Tilbydar skal nytta skjemaet for budsjett som går fram av vedlegg 4, og kompensasjonen som er naudsynt for å drifte den aktuelle ruta i heile kontraktperioden skal vere oppgitt i norske kroner.

Alle budsjettpostar skal vere spesifiserte for heile driftsperioden samla og per driftsår. Den samla kompensasjonen skal vere likt fordelt på dei to åra. Realistisk budsjettering er ein føresetnad.

Det samla kompensasjonsbeløpet for ruteområdet/ruteområda skal fyllast inn i tilbodsskjemaet i vedlegg 3 til konkurransegrunnlaget, og leggjast fremst i tilbodet.

Tilbodet skal bygge på prisnivået for første driftsår (1. april 2022 – 31. mars 2023). For andre driftsår skal kompensasjonsbeløpet i post 26 i tilbudsbudsjettet reknast om i tråd med tolv månadersendinga i konsumprisindeksen (KPI) frå Statistisk sentralbyrå i februar same året.

Tilbydaren skal leggje til grunn at han får behalde alle inntektene av den verksemda tilbodet omfattar, og at han er fullt ansvarleg for kostnadene. Presiseringar og unntak frå dette utgangspunktet går fram av kontraktvilkåra (vedlegg 2) punkt 7, 9, 10 og 11.

Tilboda skal spesifisere billettprisane og vilkåra som høyrer til. Sjå føresegnene om billettprisar i kontraktvilkåra (vedlegg 2) punkt 6 og forpliktingane til offentleg tenesteyting (vedlegg 1).

Dersom eit luftfartsselskap legg inn tilbod der kravet til kompensasjon er satt til kroner null («nulltilbod»), skal det forståast slik at operatøren vil drive ruteområdet/ruteområda med einerett, men utan kompensasjon frå staten.

5.5.3 Utgreiing om oppstart og gjennomføringsevne

Tilbydar skal dokumentere at selskapet vil vere i stand til å starte oppdraget 1. april 2022, og oppfylle forpliktingane i kontrakten (sjå særleg kontraktens punkt 5 og 6). Tilbodet skal innehalde ei utgreiing av dette.

Utgreiinga skal nyttast av oppdragsgjevar ved vurdering av om det er grunnlag for å avvise som nemnt i lufttransportforskrifta og i punkt 6.

Nedanfor er det lista opp nokon av forholda som bør inngå i utgreiinga. Det er ikkje eit absolutt krav at tilbydar legg ved all dokumentasjon som er lista opp. Det er òg mogleg å levere annan dokumentasjon enn den som er lista opp. Det avgjerande er at tilbydar gjer greie for at han vil vere i stand til å starte flygingane innan fristen for oppstart og oppfylle forpliktingane i kontrakten. Tilbydaren ber risikoen for at dokumentasjonen og utgreiinga i tilbodet er tilstrekkeleg.

Organisasjon:

- a. Gyldig Air Operator's Certificate (AOC) med tilhørende spesifikasjoner
- b. Organisasjonskart med funksjoner og navn
- c. Tal på årsverk fordelt på
 - i. Administrativt personell
 - ii. Flyoperativt personell
 - iii. Flyteknisk personell

Luftfartøy:

- d. Kort beskrivelse av tilbydt type
 - i. Fullstendig typenamngeving
 - ii. Om fartøyet er utrusta med trykkabin
 - iii. RNP kapasitet
 - iv. AFM-sertifisering for steep approach
 - v. Avgrensingar i forhold til isingsforhold
 - vi. Tal på sete
 - vii. Fuelforbruk cruise og i holding 1500' over plassen
- e. Basic Performance Data, inkludert ytingsdata for landingsplassane tilbodet omfattar:
 - i. Dry operating weight (DOW) i aktuell konfigurasjon
 - ii. Max Take-off weight (MTOW)
 - iii. Max fuel kapasitet og endurance
 - iv. GMC for aktuelle plasser (kortbaner), inkludert:
 - i. Wet runway
 - ii. Contaminated runway (ice/compact snow)
 - v. At flyet er i stand til å møte publisert climb gradient på publisert SID, og eventuelt alternative prosedyrar.
- f. Tal på kor mange fartøy av denne typen selskapet disponerer, eventuelt skildring av planar om leige av slikt materiell.
- g. Opplysningar om selskapet har simulator tilgjengeleg som tilfredsstillar krava i forskrift om kortbaneoperasjonar, jf. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-09-17-1339>.

Operative forhold:

- h. Skildring av korleis det er tenkt at operative forhold skal ivaretakast ved kvar lufthamn (base) som skal brukast på ruteområdet. Eksempel kan vere planleggingsfasilitetar, tilgang til PC med tilgang til selskapets programvareløysing, osv.
- i. Skildring av korleis eventuelt erstatningsluftfartøy kan setjast i drift på kort varsel.
- j. Tilgang på nødvendige tenester i samband med vekt- og balanseutrekning, drivstoffylling, lasting og lossing.

- k. Tilgang på kvalifisert personell (besetning), eventuelle planar for tilsetjing og kvalifisering av slikt personell.
- l. Dokumentasjon av utstyrskrav som må vere oppfylt for å operere på ruteområdet/-a der dette er spesifisert i tilbodet eller publisert i AIP for den aktuelle flyplassen.
- m. Tryggleiksvurdering på kvar av rutestrekningane som det blir lagt inn tilbod på.
- n. Framstilling av korleis operatøren vil sikre at ein mogleg leigd operatør eller eit leigd mannskap har tilstrekkeleg kjennskap til rutene og lufthamner. Merk samstundes den snevre tilgangen tilbydaren har til å nytte leigd operatør eller mannskap som går fram av kontraktvilkåra (vedlegg 2) punkt 5.12.

Tekniske forhold:

- o. Skildring av korleis teknisk vedlikehald er tenkt sikra i samband med ruteområdet/ruteområda som skal utførast i tilbodet.
- p. Parkering av luftfartøy på aktuell(e) endestasjon(ar) med omsyn til tryggleik, nødvendig vedlikehaldsarbeid og vern mot kritiske vêrforhold.
- q. Tilgang til nødvendige tenester med omsyn til av-ising, tauing og servicing av luftfartøy.
- r. Kopi av kontrakt eller liknande med PART-145-verkstad, eventuell kopi av eigne PART-145 verkstadrettar .

Framdriftsplan:

- s. Framdriftsplan med tidsplan for alle relevante forhold som skal vere handtert før oppstartsdatoen. Tilbydaren oppmodast mellom anna til å vise korleis forholda i bokstav a) – s) vil bli tatt hand om.

Samferdselsdepartementet gjer ei sjølvstendig vurdering av kor sannsynleg det er at tilbydaren kan starte flygingane innan fristen og oppfylle resten av forplikingane i kontrakten.

I tillegg til å vurdere dokumentasjonen i tilbodet, har departementet rett til å innhente opplysingar for å avklare, verifisere eller supplere opplysingane i tilbodet. Sjå meir om verknadene av dette mellom anna i lufttransportforskriften § 23, jf. § 20.

5.5.4 Atterhald og avvik

Atterhald og avvik frå konkurransedokumenta skal gå klart fram av tilbodet. Tilbydar blir oppmoda til å vise særleg til kor i tilbodet atterhaldet eller avviket er forklart. Omtalen skal vere presis og eintydig og utforma slik at Samferdselsdepartementet kan vurdere avviket eller atterhaldet utan kontakt med tilbydaren.

Tilbod som inneheld atterhald eller avvik vil kunne medføre avvising. Avvising kan skje på eitkvart tidspunkt i konkurransen når vilkåra for dette er oppfylt. Avgjerda om

avvising kan utsettast til etter at har vært gjennomført avklaringar, jf. punkt 6.3, eller forhandlingar.

5.5.5 Komplette tilbud

Eit komplett tilbud skal minst omfatte:

1. Utfylt tilbudsskjema, jf. punkt 5.5.2 tredje avsnitt.
2. Utfylt budsjett for ruta/rutene, jf. punkt 5.5.2 første og andre avsnitt.
3. Alle opplysingane som det er stilt krav om i punkt 5.5.1.
4. Dokumentasjon på kvalifikasjonar, jf. kapittel 3:
 - a) kopi av lisens og AOC
 - b) attest for skatt og meirverdiavgift
5. Utreiing og dokumentasjon om oppstart og oppfyljing av kontrakten, jf. punkt 5.5.3.

6. Tilbodshandsaming i Samferdselsdepartementet

6.1 Registrering av tilbod

Samferdselsdepartementet skal skriftleg stadfeste når eit tilbod er motteke.

6.2 Tilbodsopning og protokoll

Det vil ikkje bli haldt offentleg tilbodsopning. Opninga av tilboda vil elles skje i samsvar med lufttransportforskrifta § 19. Det vil bli ført protokoll.

6.3 Ettersending av opplysningar, dokumentasjon og forhandling

Feil eller manglar i tilbodet, eller manglande dokumentasjon, kan rettast opp i samsvar med reglane i lufttransportforskrifta § 23.

Oppdragsgjevaren har rett til å forhandle med tilbydarane i samsvar med reglane i lufttransportforskrifta § 24.

6.4 Avvising

Oppdragsgjevar har rett og/eller plikt til å avvise tilbod når det følgjer av reglane i lufttransportforskrifta §§ 18, 20, 21 and 22.

7. Avgjerd av konkurransen

7.1 Avlysing av konkurransen og avvising av alle tilbod

Samferdselsdepartementet har rett til å avlyse konkurransen, eller delar av konkurransen, når det er sakleg grunn til det i samsvar med lufttransportforskrifta § 25. Det same gjeld avvising av alle tilbod.

Departementet legg for eksempel til grunn at det har sakleg grunn til å avlyse konkurransen dersom eit EØS-luftfartsselskap som kan få løyve til å utøve trafikk på eit eller fleire av dei utlyste områda, dokumenterer at det vil starte vedvarande flygingar utan tildeling av einerett som omtalt i lufttransportforordninga, før ein av tilbydarane blir tildelt kontrakt. Sjå punkt 1.3 andre avsnitt.

Fristen for å melde kommersiell drift er dagen før avgjersla om kven som skal tildelast kontrakten blir offentleggjort (sjå punkt 7.3).

Dersom konkurransen blir avlyst, eller alle tilboda blir avviste, skal Samferdselsdepartementet melde frå om det til dei som har levert tilbod i samsvar med punkt 7.4.

7.2 Tildelingskriterium

Som hovudregel skal kontrakten tildelast det tilbodet som har det lågaste kompensasjonskravet for heile kontraktperioda frå 1. april 2022 til 31. mars 2024.

Dersom tildeling ikkje kan skje etter hovudregelen fordi Samferdselsdepartementet har motteke tilbod med identiske kompensasjonskrav, skal kontrakt tildelast det tilbodet som tilbyr høgast setekapasitet for heile kontraktperioden.

7.3 Avgjerd om tildeling av kontrakt og omgjerding

Avgjersla i Samferdselsdepartementet om kven som skal tildelast kontrakt, skal meldast skriftleg til alle deltakarane i rimeleg tid før det blir inngått kontrakt. Avgjerda kan gjerast om i samsvar med lufttransportforordninga § 27. Meldinga skal innehalde ei grunngjeving for valet.

Kontrakten blir rekna som inngått når begge partar har skrive under.

Avgjerda om kven som blir tildelt kontrakt blir offentleggjort på nettsida til Samferdselsdepartementet (regjeringen.no).

7.4 Opplysningsplikt

Samferdselsdepartementet skal gje skriftleg melding med ei kort grunngjeving:

- a) dersom eit tilbod blir avvist
- b) dersom alle tilbod blir avviste
- c) dersom konkurransen blir avlyst

VEDLEGG 1. FORPLIKTINGAR TIL OFFENTLEG TENESTEYTING (FOT)

1. Innleiing

Med verknad frå 1. april 2022 innfører Noreg nye forpliktingar til offentleg tenesteyting på følgjande ruteområde:

| Ruteområde | Rute(r) |
|------------|--|
| 1 | Ruter mellom Kirkenes, Vadsø, Vardø, Båtsfjord, Berlevåg, Mehamn, Honningsvåg, Hammerfest og Alta. |
| 2 | Hasvik–Tromsø v.v. Hasvik–Hammerfest v.v. Sørkjosen–Tromsø v.v. |
| 3 | Lakselv–Tromsø v.v. |
| 4 | Andøya–Bodø v.v. Andøya–Tromsø v.v. |
| 5 | Harstad/Narvik–Tromsø v.v. Harstad/Narvik–Bodø v.v. |
| 6 | Stokmarknes–Bodø v.v. Stokmarknes–Tromsø v.v. |
| 7 | Svolvær–Bodø v.v. |
| 8 | Leknes–Bodø v.v. |
| 9 | Røst–Bodø v.v. |
| 10 | Brønnøysund–Bodø v.v. Brønnøysund–Trondheim v.v. |
| 11 | Sandnessjøen–Bodø v.v. Sandnessjøen–Trondheim v.v. |
| 12 | Mo i Rana–Bodø v.v. Mo i Rana–Trondheim v.v. |
| 13 | Mosjøen–Bodø v.v. Mosjøen–Trondheim v.v. |
| 14 | Namsos–Trondheim v.v. Rørvik–Trondheim v.v. |

2. Forpliktingar (FOT) per rute

2.1 Ruteområde 1

2.1.1 Alta

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 33 000 seter per år til og frå Alta.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst ein dagleg forbindelse til og frå Kirkenes.
- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Vadsø.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst ein forbindelse frå Kirkenes laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst to forbindelsar til Vadsø laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Alta:

- Første landing i Vadsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Alta:

- Siste avgang frå Vadsø skal vere tidlegast kl. 13.59

2.1.2 Hammerfest

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 45 000 seter per år til og frå Hammerfest.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst ein dagleg forbindelse til og frå Kirkenes.
- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Vadsø.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst ein forbindelse til og frå Kirkenes laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst to forbindelsar til og frå Vadsø laurdag og søndag samla.

Andre lufthamner sine forbindelsar til og frå Hammerfest, som påkravd i denne kunngjeringa.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Hammerfest:

- Første landing i Vadsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Hammerfest:

- Siste avgang frå Vadsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.1.3 Kirkenes

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 45 000 seter per år til og frå Kirkenes.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Vadsø.
- Det skal vere minst ein dagleg forbindelse til og frå Alta.
- Det skal vere minst ein dagleg forbindelse til og frå Hammerfest.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to forbindelsar til og frå Vadsø laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst ein forbindelse til Alta laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst ein forbindelse til og frå Hammerfest laurdag og søndag samla.

Andre lufthamner sine forbindelsar til og frå Kirkenes, som påkravd i denne kunngjeringa.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Kirkenes:

- Første landing i Vadsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Kirkenes:

- Siste avgang frå Vadsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.1.4 Vadsø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal være minst 67 750 seter per år til og frå Vadsø.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Kirkenes.
- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Alta.
- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Hammerfest.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to forbindelsar til og frå Kirkenes laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst to forbindelsar frå Alta laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst to forbindelsar til og frå Hammerfest laurdag og søndag samla.

Andre lufthamner sine forbindelsar til og frå Vadsø, som påkravd i denne kunngjeringa.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Vadsø:

- Første landing i Kirkenes skal vere seinast kl. 08.30
- Første landing i Alta skal vere seinast kl. 10.00
- Første landing i Hammerfest skal vere seinast kl. 10.00

Til Vadsø:

- Siste avgang frå Kirkenes skal vere tidlegast kl. 17.00
- Siste avgang frå Alta skal vere tidlegast kl. 15.30
- Siste avgang frå Hammerfest skal vere tidlegast kl. 16.00

2.1.5 Vardø

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Kirkenes.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst ein forbindelse til og frå Kirkenes laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Vardø:

- Første landing i Kirkenes skal vere seinast kl. 10.00

Til Vardø:

- Siste avgang frå Kirkenes skal vere tidlegast kl. 16.00

2.1.6 Båtsfjord

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Kirkenes.
- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Vadsø.
- Det skal vere minst ein dagleg forbindelse til og frå Hammerfest.

Laurdag-Søndag:

- Det skal vere minst ein forbindelse frå Kirkenes laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst to forbindelsar frå Vadsø laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst ein forbindelse til Hammerfest laurdag og søndag samla

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Tromsø.

Måndag-fredag:

Frå Båtsfjord:

- Første landing i Kirkenes skal vere seinast kl. 10.00
- Første landing i Vadsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Båtsfjord:

- Siste avgang frå Kirkenes skal vere tidlegast kl. 16.00
- Siste avgang frå Vadsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.1.7 Berlevåg

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til Kirkenes og minst ein dagleg forbindelse frå Kirkenes.
- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Vadsø.
- Det skal vere minst ein dagleg forbindelse til og frå Hammerfest.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst ein forbindelse frå Kirkenes laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst ein forbindelse frå Vadsø laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst ein forbindelse til Hammerfest laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Tromsø.

Måndag-fredag:

Frå Berlevåg:

- Første landing i Kirkenes skal vere seinast kl. 10.00
- Første landing i Vadsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Berlevåg:

- Siste avgang frå Kirkenes skal vere tidlegast kl. 16.00
- Siste avgang frå Vadsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.1.8 Mehamn

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Hammerfest.
- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Vadsø.
- Det skal vere minst ein dagleg forbindelse til og frå Kirkenes.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst ein forbindelse til og frå Hammerfest laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst ein forbindelse til og frå Vadsø laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst ein forbindelse til og frå Kirkenes laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Tromsø.

Måndag-fredag:

Frå Mehamn:

- Første landing i Hammerfest skal vere seinast kl. 08.30
- Første landing i Vadsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Mehamn:

- Siste avgang frå Hammerfest skal vere tidlegast kl. 17.00
- Siste avgang frå Vadsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.1.9 Honningsvåg

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Hammerfest.
- Det skal vere minst to daglege forbindelsar til og frå Vadsø.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst ein forbindelse til og frå Hammerfest laurdag og søndag samla.
- Det skal vere minst ein forbindelse til og frå Vadsø laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Tromsø.

Måndag-fredag:

Frå Honningsvåg:

- Første landing i Hammerfest skal vere seinast kl. 08.30
- Første landing i Vadsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Honningsvåg:

- Siste avgang frå Hammerfest skal tidlegast etter kl. 17.00
- Siste avgang frå Vadsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.2 Ruteområde 2

2.2.1 Hasvik–Tromsø, Hasvik–Hammerfest

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 7 750 seter per år i kvar retning samla for begge rutene.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar til og frå Tromsø.
- Det skal vere minst ein dagleg avgang til og frå Hammerfest.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst ein avgang til og frå Tromsø laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Hasvik:

- Første landing i Tromsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Hasvik:

- Siste avgang frå Tromsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.2.2 Sørkjosen–Tromsø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 11 000 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Sørkjosen:

- Første landing i Tromsø skal vere seinast kl. 08.30

Til Sørkjosen:

- Siste avgang frå Tromsø skal vere tidlegast kl. 17.00

2.3 Ruteområde 3

2.3.1 Lakselv–Tromsø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 36 500 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal være minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Lakselv:

- Første landing i Tromsø skal vere seinast kl. 08.30

Til Lakselv:

- Siste avgang frå Tromsø skal vere tidlegast kl. 17.00

2.4 Ruteområde 4

2.4.1 Andøya–Bodø, Andøya–Tromsø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal være minst 28 750 seter per år i kvar retning samla for begge rutene.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar for begge rutene.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla for begge rutene.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Andøya:

- Første landing i Bodø skal vere seinast kl. 08.30
- Første landing i Tromsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Andøya:

- Siste avgang frå Bodø skal vere tidlegast kl. 17.00
- Siste avgang frå Tromsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.5 Ruteområde 5

2.5.1 Harstad/Narvik–Tromsø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 14 250 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Harstad/Narvik:

- Første landing i Tromsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Harstad/Narvik:

- Siste avgang frå Tromsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.5.2 Harstad/Narvik–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 15 000 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Harstad/Narvik:

- Første landing i Bodø skal vere seinast kl. 08.30

Til Harstad/Narvik:

- Siste avgang frå Bodø skal vere tidlegast kl. 17.00

2.6 Ruteområde 6

2.6.1 Stokmarknes–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal være minst 49 000 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal være minst tre daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal være minst tre avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Stokmarknes:

- Første landing i Bodø skal være seinast kl. 08.30

Til Stokmarknes:

- Siste avgang frå Bodø skal være tidlegast kl. 17.00

2.6.2 Stokmarknes–Tromsø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 18 500 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Stokmarknes:

- Første landing i Tromsø skal vere seinast kl. 10.00

Til Stokmarknes:

- Siste avgang frå Tromsø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.7 Ruteområde 7

2.7.1 Svolvær–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal være minst 55 500 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal være minst tre daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal være minst tre avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Svolvær:

- Første landing i Bodø skal være seinast kl. 08.30

Til Svolvær:

- Siste avgang frå Bodø skal være tidlegast kl. 17.00

2.8 Ruteområde 8

2.8.1 Leknes–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal være minst 77 750 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal være minst tre daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal være minst tre avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Leknes:

- Første landing i Bodø skal være seinast kl. 08.30

Til Leknes:

- Siste avgang frå Bodø skal være tidlegast kl. 17.00

2.9 Ruteområde 9

2.9.1 Røst–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 6 500 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Røst:

- Første landing i Bodø skal vere seinast kl. 10.00

Til Røst:

- Siste avgang frå Bodø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.10 Ruteområde 10

2.10.1 Brønnøysund–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 18 500 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Brønnøysund:

- Første landing i Bodø skal vere seinast kl. 10.00

Til Brønnøysund:

- Siste avgang frå Bodø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.10.2 Brønnøysund–Trondheim

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 41 500 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst tre daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst tre avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Brønnøysund:

- Første landing i Trondheim skal vere seinast kl. 08.30

Til Brønnøysund:

- Siste avgang frå Trondheim skal vere tidlegast kl. 17.00

2.11 Ruteområde 11

2.11.1 Sandnessjøen–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal være minst 20 500 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal være minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal være minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Sandnessjøen:

- Første landing i Bodø skal være seinast kl. 10.00

Til Sandnessjøen:

- Siste avgang frå Bodø skal være tidlegast kl. 16.00

2.11.2 Sandnessjøen–Trondheim

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 29 500 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Sandnessjøen:

- Første landing i Trondheim skal vere seinast kl. 08.30

Til Sandnessjøen:

- Siste avgang frå Trondheim skal vere tidlegast kl. 17.00

2.12 Ruteområde 12

2.12.1 Mo i Rana–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 35 250 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Mo i Rana:

- Første landing i Bodø skal vere seinast kl. 10.00

Til Mo i Rana:

- Siste avgang frå Bodø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.12.2 Mo i Rana–Trondheim

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 41 250 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst tre daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst tre avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Mo i Rana:

- Første landing i Trondheim skal vere seinast kl. 08.30

Til Mo i Rana:

- Siste avgang frå Trondheim skal vere tidlegast kl. 17.00

2.13 Ruteområde 13

2.13.1 Mosjøen–Bodø

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 10 750 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Måndag-fredag:

Frå Mosjøen:

- Første landing i Bodø skal vere seinast kl. 10.00

Til Mosjøen:

- Siste avgang frå Bodø skal vere tidlegast kl. 16.00

2.13.2 Mosjøen–Trondheim

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 34 750 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Mosjøen:

- Første landing i Trondheim skal vere seinast kl. 08.30

Til Mosjøen:

- Siste avgang frå Trondheim skal vere tidlegast kl. 17.00

2.14 Ruteområde 14

2.14.1 Rørvik–Trondheim

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal være minst 25 000 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal være minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal være minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Rørvik:

- Første landing i Trondheim skal være seinast kl. 08.30

Til Rørvik:

- Siste avgang frå Trondheim skal være tidlegast kl. 17.00

2.14.2 Namsos–Trondheim

Kapasitet

Tilbydt setekapasitet skal vere minst 20 750 seter per år i kvar retning.

Ruteføring

Måndag-fredag:

- Det skal vere minst to daglege avgangar i begge retningar.

Laurdag-søndag:

- Det skal vere minst to avgangar i begge retningar laurdag og søndag samla.

Rutetider

Ruteføringa skal sikre korrespondanse med flyruter til og frå Oslo.

Måndag-fredag:

Frå Namsos:

- Første landing i Trondheim skal vere seinast kl. 08.30

Til Namsos:

- Siste avgang frå Trondheim skal vere tidlegast kl. 17.00

2.15 Billettpris

Maksimal billettpris, fullt fleksibel éin veg (maksimalpris), skal i driftsåret som tek til 1. april 2022, ikkje overstige følgjande beløp:

Tabell 1. Maksimalprisar ruteområde 1

| Til | Alta | Berlevåg | Båtsfjord | Hammerfest | Honningsvåg | Kirkenes | Mehamn | Vadsø | Vardø |
|-------------|-------|----------|-----------|------------|-------------|----------|--------|-------|-------|
| Fra | | | | | | | | | |
| Alta | | 1 502 | 1 551 | 931 | 1 187 | 1 577 | 1 388 | 1 530 | |
| Berlevåg | 1 502 | | 383 | 1 359 | 1 056 | 1 117 | 825 | 974 | |
| Båtsfjord | 1 551 | 383 | | 1 445 | 1 159 | 1 013 | 942 | 871 | |
| Hammerfest | 931 | 1 359 | 1 445 | | 974 | 1 584 | 1 213 | 1 491 | |
| Honningsvåg | 1 187 | 1 056 | 1 159 | 974 | | 1 388 | 892 | 1 267 | |
| Kirkenes | 1 577 | 1 117 | 1 013 | 1 584 | 1 388 | | 1 244 | 582 | 942 |
| Mehamn | 1 388 | 825 | 942 | 1 213 | 892 | 1 244 | | 1 106 | |
| Vadsø | 1 530 | 974 | 871 | 1 491 | 1 267 | 582 | 1 106 | | |
| Vardø | | | | | | 942 | | | |

Tabell 2. Maksimalprisar ruteområde 2-14

| Rute – til og fra | Maksimalpris |
|-----------------------|--------------|
| Hasvik–Tromsø | 1 195 kr |
| Hasvik–Hammerfest | 864 kr |
| Sørkjosen–Tromsø | 931 kr |
| Lakselv–Tromsø | 1 807 kr |
| Andenes–Bodø | 1 800 kr |
| Andenes–Tromsø | 1 335 kr |
| Harstad/Narvik–Tromsø | 1 507 kr |

| | |
|------------------------|----------|
| Harstad/Narvik–Bodø | 1 539 kr |
| Stokmarknes–Bodø | 1 468 kr |
| Stokmarknes–Tromsø | 1 660 kr |
| Svolvær–Bodø | 1 291 kr |
| Leknes–Bodø | 1 279 kr |
| Røst–Bodø | 1 284 kr |
| Brønnøysund–Bodø | 1 751 kr |
| Brønnøysund–Trondheim | 1 868 kr |
| Sandnessjøen–Bodø | 1 512 kr |
| Sandnessjøen–Trondheim | 2 096 kr |
| Mo i Rana–Bodø | 1 299 kr |
| Mo i Rana–Trondheim | 2 336 kr |
| Mosjøen–Bodø | 1 543 kr |
| Mosjøen–Trondheim | 2 064 kr |
| Namsos–Trondheim | 1 375 kr |
| Rørvik–Trondheim | 1 528 kr |

For kvart påfølgjande driftsår skal maksimalprisen justerast 1. april innanfor ramma av tolv månadersendinga i konsumprisindeksen (KPI) i februar same året. Statistisk sentralbyrå offentleggjer KPI i mars (<http://www.ssb.no>).

Operatøren skal tilby billettar gjennom minst éin salskanal til ein pris som ikkje overstig maksimalprisen.

Maksimalprisen gjeld òg for billettar som blir selde av andre selskap som operatøren kontrollerer. Operatøren er ansvarleg for at også slike tilbydarar rettar seg etter maksimalprisen.

Maksimalprisen skal vere inkludert alle skattar, avgifter og gebyr til det offentlege, og alle andre prispåslag (servicegebyr o.a.) som operatøren legg på prisen i samband med utskriving av billetten.

2.16 Reglar om sosiale rabattar

2.16.1.

På flyruter der Samferdsledepartementet kjøper tenester etter forpliktingar til offentleg tenesteyting, skal følgjande persongrupper ha krav på sosial rabatt:

- a. Personar som har fylt 67 år på utreisedagen.
- b. Blinde som har fylt 16 år.
- c. Personar som har fylt 16 år og har uførepensjon i medhald av lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) kapittel 12, eller personar som tek imot tilsvarende ytingar frå anna EØS-land.
- d. Elevar over 16 år ved spesialsular for høyrselshemma.
- e. Medfølgjande ektefelle/sambuar utan omsyn til alder, eller ein person som må følgje den som har rett til rabatt etter a)–d). Den som har rett til rabatt, avgjer sjølv behovet for følgje.
- f. Personar som ikkje har fylt 16 år på utreisedagen.

2.16.2.

Sosial rabatt for personar omfatta av punkt 1 skal utgjere 50 % av maksimal normaltakst.

2.16.3.

Sosial rabatt skal ikkje ytast dersom reisa blir betalt av Folketrygda eller annan statleg instans.

2.16.4.

Vaksen person (over 16 år) skal ha rett til å ta med seg barn under to år gratis så sant barnet ikkje tek opp eit eige sete og barn og vaksen reiser saman.

2.16.5.

Ved kjøp av billett kan det krevjast at dei reisande viser følgjande dokumentasjon:

- a. Person som nemnt i punkt 1 bokstav a) må vise identifikasjon med bilete og fødselsdato.
- b. Personar som nemnt i punkt 1 bokstav b) eller c) må vise stadfesting eller tilleggsinformasjon frå Folketrygda eller Noregs Blindforbund. Passasjerar frå andre EØS-land må vise tilsvarende dokumentasjon frå heimlandet.
- c. Person som nemnt i punkt 1 bokstav d) må vise skulebevis og erklæring frå Folketrygda om rett til grunnstønad eller hjelpestønad eller tilsvarende stønad frå anna EØS-land.

2.17 Rutedrift

2.17.1 Ruteprogram

Operatøren skal ta omsyn til publikum sin etterspørsel etter flyreiser.

2.17.2 Heilagdagar

Det er ikkje trafikkplikt 1. juledag og langfredag.

På følgande dagar kan ruteprogrammet reduserast og tilpassast etterspørselen: nyttårsaftan, nyttårsdag, 1. påskedag, skjærtorsdag, 1. mai, Kristi himmelferds dag, 1. pinsedag, 2. pinsedag, 17. mai, julaftan, 2. juledag, og to valfrie dagar.

Det skal det vere minst éin avgang i begge retningar desse dagane.

Dei vanlege krava til rutetid og mellomlandingar gjeld ikkje på desse dagane.

2.17.3 Mellomlanding

Ingen avgangar skal ha meir enn ei mellomlanding, med unntak av avgangar i ruteområde 1, der fleire mellomlandingar er tillate. Ved mellomlanding skal overgangstid ikkje overstige 60 minutt. Samla reisetid skal ikkje overstige 3 timar, med unntak av ruteområde 1, der samla reisetid ikkje skal overstige 4 timar.

Ved krav til korrespondanse med flyruter til og frå Oslo og Tromsø, blir det forutsett at det skal vere maksimalt eitt flybyte undervegs.

2.17.4 Delt kapasitet mellom to destinasjonar

Der to ruter med forplikting deler kapasitet, kan operatøren fordele billettsalet mellom de to rutene, så lenge operatøren oppfyller det samla kapasitetskravet. Operatøren kan selje billetter etter først til mølla-prinsippet.

Det er tillate å kombinere ruter med forpliktingar med ruter utan slike forpliktingar. Operatøren skal då sørge for at den faktiske kapasiteten på ruta med forpliktingar svarer til påkravd minimumskapasitet.

2.17.5 Trykkabin

Operatøren skal av omsyn til regularitet bruke fly med trykkabin på alle flygingar.

2.17.6 Endringar

Moglege endringar i krava til rutedrifta eller andre føringar under punkt 2 kan berre skje i medhald av kontraktsvilkåra punkt 9.3.

3. Tilleggskrav som gjeld ved tildeling av einerett

Ved kjøp av flyruter som avgrensar tilgangen til ruter til eitt selskap, gjeld i tillegg desse reglane:

3.1 Billettprisar

- Dersom operatøren deltek i eit lovleg samarbeid med andre selskap om rabattar, gjennomgåande takstar, overgangstider for passasjerar eller gjennomgåande innsjekking av billetter og bagasje, plikter operatøren å gjere det som er praktisk og rettsleg mogleg for å tilby liknande vilkår til passasjerar på ruter omfatta av kontrakten som har overgang til eller frå andre ruter som i utgangspunktet ikkje er omfatta av slike ordningar. Det same gjeld dersom operatøren einsidig tilbyr slike vilkår, utan at dei er ein del av eit samarbeid med andre selskap.
- Passasjerar kan ikkje tene eller bruke poeng frå bonus-/lojalitetsprogram på flyrutene.
- Operatøren skal gje sosiale rabattar i samsvar med retningslinjene i forplikningar til offentleg tenesteyting.

3.2 Vilkår ved overgang

Alle vilkåra operatøren har for overgang av passasjerar til og frå andre selskap sine flygingar, mellom anna overgangstider og gjennomgåande innsjekking av billetter og bagasje, skal vere objektive og ikkje-diskriminerande.

4. Erstatning og oppheving av tidlegare forplikningar til offentleg tenesteyting

Desse forplikningane erstattar forplikningane til offentleg tenesteyting som blei kunngjorde i Den europeiske unions tidende nr. C 195 og EØS-tillegget nr. 31 den 2. juni 2016, i Den europeiske unions tidende nr. C 185 og i EØS-tillegget nr. 37 den 4. juni 2020 og Den europeiske unions tidende nr. C 132 og i EØS-tillegget nr. 27 den 15. april 2021.

VEDLEGG 2. KONTRAKT OM RUTEFLYGING

I samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) 1008/2008 om felles regler for drift av lufttrafikk i Fellesskapet, artikkel 16, og forskrift om lufttransporttenester i EØS er det inngått kontrakt mellom [] (heretter kalla "operatøren") og Samferdselsdepartementet om drift av flyrute(r) som nemnt i punkt 2 nedanfor.

Sjå punkt 13 om overføring av Samferdselsdepartementet sine rettar og plikter til anna myndigheit etter kontrakten.

1. Dokument som inngår i kontrakten

I kontrakten inngår desse dokumenta:

1. Desse generelle kontraktvilkåra
2. Forpliktingane til offentleg tenesteyting (vedlegg 1 til prosedyrereglene for flyrutekjøp) knytt til rutene som er lista opp i punkt 2
3. Tilbodet frå operatøren

Eventuelle endringar i kontrakten skal gjerast med skriftleg tilleggskontrakt.

2. Kontrakten gjeld følgjande ruter:

3. Kontraktperiode

Kontrakten gjeld frå 1. april 2022 til 31. mars 2024. Sjå likevel punkt 7.7 andre punktum og punkt 8.8.

4. Einerett til å trafikkere

Kontrakten gir operatøren einerett til å trafikkere rutene som nemnt i punkt 2 i kontraktperioden.

5. Krav til drifta

- 5.1 Operatøren har som hovudregel plikt til å utføre drifta på den måten og med det produksjonsvolumet han har ført opp i tilbodet i heile kontraktperioden.

Operatøren har likevel rett til å justere ned setekapasitet dersom gjennomsnittleg kabinfaktor på enkeltstrekningar er under 35 prosent. Operatøren kan redusere setekapasiteten med inntil 25 prosent på desse strekningane frå første dag etter at måleperioden er omme.

For første driftsår er måleperioden 1. april 2022 til 31. mars 2023.

- Sjølv om operatøren reduserer setekapasiteten, skal krava til tal på daglege flygingar og mellomlandingar gjelde.
- 5.2 Påkravd regularitet er minimum 98,5 prosent. Samferdselsdepartementet kan sanksjonere operatøren etter reglane i punkt 7.5 ved brot på dette kravet.
 - 5.3 Operatøren har sjølv ansvaret for at han til kvar tid har eit ruteprogram som tilfredsstillar krava etter forpliktingane til offentleg tenesteyting. Ruteprogrammet skal innehalde desse opplysningane om alle rutene som er omfatta av avtalen:
 - 1) Dagar med rutetraffic.
 - 2) Tur-retur-reiser i alt per dag.
 - 3) Kapasiteten på ruta.
 - 5.4 Operatøren skal sende det ruteprogrammet som til kvar tid er gjeldande til Samferdselsdepartementet til orientering.
 - 5.5 Operatøren kan søkje Samferdselsdepartementet om lov til å gjere endringar frå det produksjonsvolumet som er avtalt etter reglane i punkt 5.1. Ved behandlinga vil Samferdselsdepartementet vektleggje om endringa gir eit like godt eller betre tilbod til dei reisande samla sett.
 - 5.6 Operatøren kan søkje Samferdselsdepartementet om lov til å gjere mindre avvik frå forpliktingane til offentleg tenesteyting. Departementet kan ved handsaming av søknaden mellom anna leggje vekt på om forholda har endra seg sidan kontrakten vart signert.
 - 5.7 Drifta skal utførast med den flytypen operatøren har ført opp i tilbodet. Andre flytypar kan likevel nyttast dersom det produksjonsvolumet som er avtalt tillèt det, eller det er i samsvar med endringar som er gjort i medhald av punkt 5.1, 5.5 eller 5.6. Endra bruk føreset samtykke frå Samferdselsdepartementet.
 - 5.8 Operatøren pliktar elles å utføre drifta i samsvar med luftfartslova med tilhøyrande forskrifter, andre reglar på området og eventuelle vedtak og pålegg frå offentlege styresmakter i medhald av slike reglar.
 - 5.9 Operatøren kan påleggjast å ta med postsaker mot vederlag etter reglane i postlova § 16. Fastsetjing av vederlag for slike pålegg skal ikkje ha nokon innverknad på kompensasjonskrav som følgjer av denne avtalen, jf. føresegnene i punkt 7.
 - 5.10 Operatøren står til kvar tid ansvarleg for å oppfylle driftskrava som følgjer av føresegnene i punkt 5.

Deriblant pliktar operatøren for eiga rekning å skaffe erstatningsmateriell og/eller erstatningspersonell ved driftsavbrot. Dersom trafikkopplegget ikkje kan gjennomførast med lufttransport, pliktar operatøren å sørge for alternativ transport der dette er mogeleg og formålstenleg for passasjerane.

Ved større avvik frå den avtalte drifta skal operatøren straks varsle Samferdselsdepartementet og skriftleg opplyse om årsaka. Operatøren skal òg varsle departementet om avbøtande tiltak som er sett i verk.

- 5.11 Flygingane som er omfatta av kontrakten, kan ikkje ha andre selskapskodar enn tilbydaren sin og kan ikkje inngå i "code-sharing"-ordningar med andre flygingar.
- 5.12 Flygingane som er omfatta av kontrakten skal utførast av tilbydaren sjølv. Leige av luftfartøy med mannskap ("wet-lease") er berre unntaksvis tillat, og berre dersom oppdragsgjevar aksepterer dette på førehand.
- 5.13 Operatøren skal sørge for at grunnleggjande fagforeiningsrettigheter og retten til kollektive forhandlingar, slik det følger av bl.a. ILO-konvensjon nr. 87 og 98, er ivaretatt i egen verksemd og for eventuelle underleverandørar.
- 5.14 Operatøren er plikter å sjå til at alle som arbeider for operatøren, eller opptre på oppdrag for operatøren, og som har som oppgåve å opptre overfor passasjerane, skal beherske enten eit skandinavisk språk eller engelsk.

6. Billettprisar, rabattar, salskanalar og vilkår

- 6.1 Maksimal billettpris, fullt fleksibel éin veg (maksimalprisen), skal i perioden frå 1. april 2022 til 31. mars 2023 ikkje overstige det beløpet som er fastsett for den aktuelle ruta i punkt 2.5 i forpliktingane til offentleg tenesteyting.

For påfølgjande driftsår skal maksimalprisen justerast 1. april i tråd med tolv månaders endringa i konsumprisindeksen (KPI) i februar same året. Statistisk sentralbyrå offentliggjør KPI i mars (<http://www.ssb.no>).

- 6.2 Operatøren skal tilby billetter gjennom minst éin salskanal til ein pris som ikkje overstig maksimalprisen.

Maksimalprisen gjeld òg for billetter som blir selde av andre selskap som operatøren kontrollerer. Operatøren har ansvaret for at også slike tilbydarar rettar seg etter maksimalprisen.

Maksimalprisen omfattar alle skattar, avgifter og gebyr til det offentlege og alle andre prispåslag (servicegebyr o.a.) som operatøren legg på prisen i samband med utskriving av billetten.

- 6.3 Dersom operatøren deltek i eit lovleg samarbeid med andre selskap om rabattar, gjennomgåande takstar, overgangstider for passasjerar eller gjennomgåande innsjekking av billetter og bagasje, så plikter operatøren å gjere det som er praktisk og rettsleg mogleg for å tilby liknande vilkår til passasjerar på ruter omfatta av kontrakten som har overgang til eller frå andre ruter som i utgangspunktet ikkje er omfatta av slike ordningar. Det same gjeld dersom operatøren einsidig tilbyr slike vilkår, utan at dei er ein del av eit samarbeid med andre selskap.
- 6.4 Bonuspoeng frå lojalitets- eller bonusprogram kan verken tenast opp eller takast ut på flygingane som er omfatta av avtalen.
- 6.5 Operatøren pliktar å yte sosiale rabattar i samsvar med punkt 2.6 i forpliktingane til offentleg tenesteyting.
- 6.6 Operatøren skal tilby passasjerane gjennomgåande reiser (billetter og bagasje) til naturlege vidare innanlands forbindelsar.
- 6.7 Operatøren skal sørge for at barn over 5 år skal kunne reise alene på rutene.

7. Betaling av kompensasjon, risikodeling og anna

- 7.1 Operatøren har krav på kompensasjon frå Samferdselsdepartementet for følgjande ruter:

Kompensasjonen for ruter med kontraktsperiode 1. april 2022 – 31. mars 2024 utgjer:

- for 1. driftsår: _____ kr
- for 2. driftsår: _____ kr

For første driftsår blir det ikkje gjort justeringar i kompensasjonen.

For andre driftsår skal kompensasjonsbeløpet i post 26 i budsjettet reknast om i tråd med tolv månaders endringa i konsumprisindeksen (KPI) frå Statistisk sentralbyrå i februar same året.

Det blir ikkje gjort endringar i kompensasjonen som følgje av at produksjonsvolumet er justert ned i medhald av punkt 5.1 andre til fjerde avsnitt.

- 7.2 Ein tek atterhald om at Stortinget ved handsaming av dei årlege budsjetta stiller dei naudsynte midlane til disposisjon for Samferdselsdepartementet til å dekkje kompensasjonskrava.

- 7.3 Operatøren får behalde alle inntekter som trafikktilbodet genererer. Skulle inntektene bli større, eller utgiftene mindre, enn det som er lagt til grunn i budsjettet som følgde med tilbodet, får operatøren behalde mellomlegget. Tilsvarende har Samferdselsdepartementet ikkje plikt til å kompensere for eit eventuelt dårlegare resultat enn budsjettet skulle tilseie.
- 7.4 Alle offentlege avgifter, også luftfartsavgifter, skal betalast av operatøren.
- 7.5 Dersom talet på kanselleringar av grunnar som operatøren kunne ha unngått ved å treffe alle rimelege tiltak overstige 1,5 prosent av det oppsette talet på flygingar i ruteprogrammet, får han ikkje kompensasjon for dei av kanselleringane som overstig 1,5 prosent. Sjå punkt 5.2.
- 7.6 Dersom tal på tilbydd setekapasitet per rute i eit driftsår er lågare enn det avtalte talet på tilbydd setekapasitet, kan kompensasjonsbeløpet for ruta avkortast tilsvarende.
- 7.7 Samferdselsdepartementet betalar ut kompensasjonen etterskotsvis i tolv månadlege pro rata beløp per driftsår. Med sikte på å fastsetje eventuelle reduksjonar i kompensasjonen, kan Samferdselsdepartementet vente med siste utbetaling fram til rapport frå operatøren i samsvar med punkt 8.2 er lagt fram og gjennomgang som nemnt i punkt 8.8, slik at eventuelle reduksjonar i kompensasjonen kan gjerast.

8. Innsynsrett for Samferdselsdepartementet, rapporteringsplikt for operatøren

- 8.1 Innan 15. mai 2023 og 2024 skal operatøren uoppmoda sende Samferdselsdepartementet revidert rekneskap for førre rekneskapsår, både for rutene i denne kontrakten og for den totale verksemda.
- 8.2 Kvart kvartal (januar-mars, april-juni, juli-september, oktober-desember) skal operatøren sende ein rapport til Samferdselsdepartementet som skal innehalde opplysningar om:
1. Rekneskap for rutene (tilsvarende formatet i vedlegg 4).
 2. Driftsavbrot i perioden og ei utgreiing om årsak(ar).
 3. Ruta er punktleg (prosentdel avgangar innanfor 15 minutt etter planlagd avgangstid).
 4. Regularitet per rute (prosentdel kansellerte flygingar og årsak) – det skal gå klart fram kva avgangar som er innstilte av grunnar som nemnt i punkt 7.5.
 5. Trafikkomfang per rute (tal på passasjerar og kabinfaktor).

6. Passasjerinntekter, prosentdel passasjerar i C-klasse, prosentdel passasjerar i transfer til/frå andre flyruter, frakt- og postinntekter.
7. Utført produksjon (tal på setekilometer og tonnkilometer, landingar og flytimar).
8. Gjennomsnittleg billettpris per rute.
9. Tal på tilbydde seter per rute.

Samferdselsdepartementet kan òg påleggje operatøren å gi andre opplysningar i rapportane.

Rapportane skal vere mottekne av Samferdselsdepartementet seinast den 15. i den andre månaden etter den siste av dei tre månadene rapporten gjeld – første gong 15. august 2022.

- 8.3 Operatøren skal utan unødig opphald informere Samferdselsdepartementet dersom det oppstår vesentlege avvik mellom det trafikkomfanget som låg til grunn for tilbodet, og det faktiske trafikkomfanget.
- 8.4 I medhald av punkt 6.1 andre avsnitt skal operatøren varsle Samferdselsdepartementet om endring av maksimaltakstane seinast idet dei trer i kraft.
- 8.5 Trafikkopplysningar som Samferdselsdepartementet har fått i samsvar med punkt 8.2 nr. 2-9, er å rekne som offentleg informasjon til kvar tid.
- 8.6 Samferdselsdepartementet kan når som helst be operatøren utlevere opplysningar som har sakleg tilknytning til kontraktforholdet. Dersom Samferdselsdepartementet finn det nødvendig, kan det krevje at opplysningane skal vere godkjende av revisor. Det kan setjast ein frist for å utlevere opplysningane.
- 8.7 Dersom operatøren rapporterer mangelfullt eller for seint etter føresegnene ovanfor i punkt 8, har Samferdselsdepartementet rett til å halde tilbake kompensasjon.
- 8.8 Departementet skal, saman med luftfartsselskapet, ha rett til å gjennomgå det arbeidet som er utført etter kontrakten, innan tolv veker etter at kontraktperioden er omme. Samferdselsdepartementet kan i så fall halde tilbake kompensasjon etter punkt 7.7 andre punktum.

9. Reforhandling

- 9.1 Dersom det i kontraktperioden skjer vesentlege eller uføresette endringar i føresetnadene som ligg til grunn for denne kontrakten, kan kvar av partane krevje

forhandlingar om revisjon av kontrakten. Slikt revisjonskrav må setjast fram seinast tre månader etter endringa. Retten til å krevje forhandlingar inneber ikkje avgrensingar i retten til å gjere misleghaldsverknader gjeldande etter denne kontrakten eller vanlege kontraktrettslege reglar.

- 9.2 Vesentlege endringar i skattar og avgifter skal alltid gi grunnlag for reforhandling som nemnt i punkt 9.1.
- 9.3 Samferdselsdepartementet kan også krevje å justere ned maksimal billettpris etter at avtalen er inngått. For endringar i rutedrift eller andre føringar for avtalen kan Samferdselsdepartementet krevje forhandlingar. Operatøren kan krevje justeringar i vederlaget som følgje av endringane. Justeringane skjer i samsvar med kostnader og inntekter for å stille operatøren i same økonomiske situasjon som før endringane.
- 9.4 Dersom nye krav i lov eller forskrift eller pålegg frå luftfartsstyresmakta fører til at ein landingsplass må brukast på ein annan måte enn operatøren har føresett, skal partane prøve å forhandle fram endringar i kontrakten som gjer at operatøren kan vidareføre drifta i resten av kontraktperioden. Blir ikkje partane samde, har operatøren krav på erstatning etter reglane om nedlegging og stenging i punkt 11.4 så langt dei passar.
- 9.5 Dersom Samferdselsdepartementet trur at krav om reforhandling ikkje vil føre fram, kan det i staden vedta å leggje ruta ut på ny konkurranse.

10. Suspensjon av kontraktplikter

- 10.1 Samferdselsdepartementet har rett til å foreta trekk i kompensasjonen som nemnt i kapittel 7 dersom operatøren bryt forpliktingar som følgjer av kontraktsvilkåra her eller av forpliktingane til offentlig tenesteyting (FOT) når det ikkje finst meir spesielle føresegner om det andre stader i kontrakten.

Utmålinga av trekket skal særleg ta omsyn til den økonomiske fordelten operatøren har hatt av sin handling samanlikna med om han hadde retta seg etter kontraktsvilkåra eller FOT.

Samferdselsdepartementet kan varsle om, eller sette fram, krav etter føresegna her så snart det har motteke informasjon som tyder på eller dokumenterer kontraktsbrot etter første avsnitt, og uavhengig av tidspunktet for betaling av kompensasjon.

Føresegna her skal ikkje vere til hinder for krav som følgjer av allmenne reglar om skadebot eller kontraktsbrot.

- 10.2 Samferdselsdepartementet har rett til å suspendere kontrakten dersom operatøren ikkje oppfyller rapporteringsplikta eller hindrar innsyn etter reglane i punkt 8, så sant han har fått skriftleg varsel med frist i minst to veker om å rette på forholdet. Suspensjonen kan vare til forholdet er retta opp.
- 10.3 Likeins kan Samferdselsdepartementet suspendere kontrakten dersom flymateriellet til operatøren er involvert i ei luftfartsulykke eller ei alvorleg luftfartshending. Suspensjon etter denne føresegna kan vare til undersøkingsorganet er ferdig med å undersøkje ulykka eller hendinga og luftfartsstyresmakta har hatt høve til å vurdere om det involverte materiellet er i forsvarleg stand.
- 10.4 Suspensjon medfører ikkje avgrensingar i retten til å gjere misleghaldsverknader gjeldande.

11. Oppseiing, heving og andre grunnar til opphøyr

- 11.1 Med dei avgrensingane som følgjer av preseptorisk insolvenslovgiving, kan Samferdselsdepartementet seie opp kontrakten med omgåande verknad dersom operatøren blir insolvent, innleier gjeldsforhandlingar eller går konkurs. Likeins kan Samferdselsdepartementet seie opp kontrakten med omgåande verknad i dei andre tilfella som er omhandla i § 21 andre ledd i forskrift om lufttransporttenester i EØS.
- 11.2 Samferdselsdepartementet kan seie opp kontrakten med omgåande verknad dersom operatøren mister eller ikkje får fornya lisensen.
- 11.3 Dersom operatøren på grunn av *force majeure* eller andre forhold som han ikkje rår over, har vore ute av stand til å oppfylle kontraktpliktene sine i meir enn fire av dei seks siste månadene, kan kontrakten seiast opp av begge partar med éin månads skriftleg varsel. Manglande oppfylling som følgje av nedlegging eller stenging av landingsplassar er regulert i punkt 11.4.
- 11.4 Dersom Stortinget vedtek å leggje ned ein landingsplass, eller dersom ein landingsplass blir stengd som følgje av pålegg frå luftfartsstyresmakta, fell dei ordinære kontraktpliktene mellom partane bort frå det tidspunktet landingsplassen faktisk blir lagd ned eller stengd.

Dersom det går meir enn eitt år frå operatøren blir gjord kjend med nedlegginga, til landingsplassen faktisk blir lagd ned eller stengd, har ikkje operatøren krav på erstatning for økonomisk tap som han lir som følgje av at kontrakten blir avslutta. Dersom det nemnde tidsrommet er kortare enn eitt år, har operatøren krav på å bli stilt i same økonomiske situasjon som han hadde vore i om drifta

var blitt vidareført i eitt år frå det tidspunktet han blir gjort kjend med nedlegginga eller stenginga, alternativt fram til 31. mars 2024 dersom denne datoen fell tidlegare.

11.5 Ved vesentleg misleghald kan kontrakten hevast av motparten med omgåande verknad.

12. Tvistemål

Usemje om forståinga av kontrakten skal søkjast løyst gjennom forhandlingar. Fører ikkje forhandlingane fram, kan kvar av partane leggje saka fram for dei ordinære domstolane til avgjerd, med mindre partane blir samde om å avgjere saka ved skilddom.

Oslo tingrett er verneting for alle tvistemål i samband med denne kontrakten med mindre partane blir samde om anna.

13. Overføring av kontraktansvar

Rettar og plikter Samferdselsdepartementet har etter denne avtalen kan i kontraktperioden overførast til ei anna offentleg myndigheit som då vil tre inn i kontrakten for den attverande perioden på same vilkår som Samferdselsdepartementet. Operatøren vil i så fall bli orientert skriftleg om dette.

14. Signering

Stad: _____ Stad: _____

Dato: _____ Dato: _____

For Samferdselsdepartementet :

For operatøren:

VEDLEGG 3. TILBODSSKJEMA

Innbyding til konkurranse

Drift av regionale ruteflygingar i Nord-Noreg

1. april 2022 – 31. mars 2024

Kompensasjonsbeløpa som skal skrivast i skjemaet skal gjelde for heile kontraktperioden basert på prisnivået for det første driftsåret (1. april 2022 – 31. mars 2023).

1. Opplysningar om tilbydar

| | |
|--------------------------|--|
| Tilbydars namn | |
| Adresse | |
| Telefon | |
| E-post | |
| Kontaktperson(ar) | |

2. Oversikt over innleverte tilbud ved spesifikasjon av kompensasjonskrav for hele kontraktperioden basert på prisnivået for det første driftsåret (1. april 2022 – 31. mars 2023).

| Nr | Tilbudet gjeld: | <i>Behov for kompensasjon, jf. post 26 i tilbudsbudsjettet (i NOK 1000)</i> |
|----|--|---|
| 1 | <i>Ruteområde 1</i> | |
| | | |
| 2 | <i>Ruteområde 2</i> | |
| | | |
| 3 | <p><i>Kombinasjon a:</i> <i>Kombinasjon av ruteområde 1 og 2</i></p> <p><i>Tilbydar som byr på kombinasjon a (nummer 3), må òg by på ruteområde 1 og 2 separat (nummer 1 og 2). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i></p> | |
| | <i>Ruteområde 1, dersom tildelt kombinasjon 1 og 2</i> | |
| | <i>Ruteområde 2, dersom tildelt kombinasjon 1 og 2</i> | |
| | <i>Sum 1 og 2</i> | |
| | | |
| 4 | <i>Ruteområde 3</i> | |
| | | |
| 5 | <i>Ruteområde 4</i> | |
| | | |
| 6 | <p><i>Kombinasjon b:</i> <i>Kombinasjon av ruteområde 3 og 4</i></p> <p><i>Tilbydar som byr på kombinasjon b (nummer 6), må òg by på ruteområde 3 og 4 separat (nummer 4 og 5). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i></p> | |

| | | |
|----|--|--|
| | <i>Ruteområde 3, dersom tildelt kombinasjon 3 og 4</i> | |
| | <i>Ruteområde 4, dersom tildelt kombinasjon 3 og 4</i> | |
| | <i>Sum 3 og 4</i> | |
| | | |
| 7 | <i>Ruteområde 5</i> | |
| | | |
| 8 | <p><i>Kombinasjon c:</i></p> <p><i>Kombinasjon av ruteområde 3 og 5</i></p> <p><i>Tilbydar som byr på kombinasjon c (nummer 8), må òg by på ruteområde 3 og 5 separat (nummer 4 og 7). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i></p> | |
| | <i>Ruteområde 3, dersom tildelt kombinasjon 3 og 5</i> | |
| | <i>Ruteområde 5, dersom tildelt kombinasjon 3 og 5</i> | |
| | <i>Sum 3 og 5</i> | |
| | | |
| 9 | <p><i>Kombinasjon d:</i></p> <p><i>Kombinasjon av ruteområde 4 og 5</i></p> <p><i>Tilbydar som byr på kombinasjon d (nummer 9), må òg by på ruteområde 4 og 5 separat (nummer 5 og 7). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i></p> | |
| | <i>Ruteområde 4, dersom tildelt kombinasjon 4 og 5</i> | |
| | <i>Ruteområde 5, dersom tildelt kombinasjon 4 og 5</i> | |
| | <i>Sum 4 og 5</i> | |
| | | |
| 10 | <p><i>Kombinasjon e:</i></p> <p><i>Kombinasjon av ruteområde 3, 4 og 5</i></p> | |

| | | |
|----|--|--|
| | <i>Tilbydar som byr på kombinasjon e (nummer 10), må òg by på ruteområde 3, 4 og 5 separat (nummer 4, 5 og 7) og kombinasjon b, c og d (nummer 6, 8 og 9). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i> | |
| | <i>Ruteområde 3, dersom tildelt kombinasjon 3, 4 og 5</i> | |
| | <i>Ruteområde 4, dersom tildelt kombinasjon 3, 4 og 5</i> | |
| | <i>Ruteområde 5, dersom tildelt kombinasjon 3, 4 og 5</i> | |
| | <i>Sum 3, 4 og 5</i> | |
| | | |
| 11 | <i>Ruteområde 6</i> | |
| | | |
| 12 | <i>Ruteområde 7</i> | |
| | | |
| 13 | <i>Kombinasjon f:</i> <i>Kombinasjon av ruteområde 6 og 7</i> <i>Tilbydar som byr på kombinasjon f (nummer 13), må òg by på ruteområde 6 og 7 separat (nummer 11 og 12). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i> | |
| | <i>Ruteområde 6, dersom tildelt kombinasjon 6 og 7</i> | |
| | <i>Ruteområde 7, dersom tildelt kombinasjon 6 og 7</i> | |
| | <i>Sum 6 og 7</i> | |
| | | |
| 14 | <i>Ruteområde 8</i> | |
| | | |
| 15 | <i>Kombinasjon g:</i> <i>Kombinasjon av ruteområde 6 og 8</i> <i>Tilbydar som byr på kombinasjon g (nummer 15), må òg by på ruteområde 6 og 8 separat (nummer 11 og 14). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i> | |
| | <i>Ruteområde 6, dersom tildelt kombinasjon 6 og 8</i> | |

| | | |
|----|---|--|
| | Ruteområde 8, dersom tildelt kombinasjon 6 og 8 | |
| | Sum 6 og 8 | |
| | | |
| 16 | <p>Kombinasjon h:</p> <p>Kombinasjon av ruteområde 7 og 8</p> <p>Tilbydar som byr på kombinasjon h (nummer 16), må òg by på ruteområde 7 og 8 separat (nummer 12 og 14). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</p> | |
| | Ruteområde 7, dersom tildelt kombinasjon 7 og 8 | |
| | Ruteområde 7, dersom tildelt kombinasjon 7 og 8 | |
| | Sum 7 og 8 | |
| | | |
| 17 | <p>Kombinasjon i:</p> <p>Kombinasjon av ruteområde 6, 7 og 8</p> <p>Tilbydar som byr på kombinasjon i (nummer 17), må òg by på ruteområde 6, 7 og 8 separat (nummer 11, 12 og 14) og kombinasjon f, g og h (nummer 13, 15 og 16). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</p> | |
| | Ruteområde 6, dersom tildelt kombinasjon 6, 7 og 8 | |
| | Ruteområde 7, dersom tildelt kombinasjon 6, 7 og 8 | |
| | Ruteområde 8, dersom tildelt kombinasjon 6, 7 og 8 | |
| | Sum 6, 7 og 8 | |
| | | |
| 18 | Ruteområde 9 | |
| | | |
| 19 | <p>Kombinasjon j:</p> <p>Kombinasjon av ruteområde 6, 7, 8 og 9</p> | |

| | | |
|----|--|--|
| | <i>Tilbydar som byr på kombinasjon j (nummer 19), må òg by på ruteområde 6, 7, 8 and 9 separat (nummer 11, 12, 14 og 28), og kombinasjon f, g, h og i (nummer 13, 15, 16 og 17). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i> | |
| | <i>Rute 6, dersom tildelt kombinasjonen 6, 7, 8 og 9</i> | |
| | <i>Rute 7, dersom tildelt kombinasjonen 6, 7, 8 og 9</i> | |
| | <i>Rute 8, dersom tildelt kombinasjonen 6, 7, 8 og 9</i> | |
| | <i>Rute 9, dersom tildelt kombinasjonen 6, 7, 8 og 9</i> | |
| | <i>Sum 6, 7, 8 og 9</i> | |
| | | |
| 20 | <i>Ruteområde 10</i> | |
| | | |
| 21 | <i>Ruteområde 11</i> | |
| | | |
| 22 | <i>Kombinasjon k:</i> <i>Kombinasjon av ruteområde 10 og 11</i> <i>Tilbydar som byr på kombinasjon k (nummer 22), må òg by på ruteområde 10 og 11 separat (nummer 20 og 21). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i> | |
| | <i>Ruteområde 10, dersom tildelt kombinasjonen 10 og 11</i> | |
| | <i>Ruteområde 11, dersom tildelt kombinasjonen 10 og 11</i> | |
| | <i>Sum 10 og 11</i> | |
| | | |
| 23 | <i>Ruteområde 12</i> | |
| | | |
| 24 | <i>Ruteområde 13</i> | |
| | | |
| 25 | <i>Kombinasjon l:</i> <i>Kombinasjon av ruteområde 12 og 13</i> | |

| | | |
|----|--|--|
| | <i>(Tilbydar som byr på kombinasjon 1 (nummer 25), må òg by på ruteområde 12 og 13 separat (nummer 23 og 24). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i> | |
| | <i>Ruteområde 12, dersom tildelt kombinasjonen 12 og 13</i> | |
| | <i>Ruteområde 13, dersom tildelt kombinasjonen 12 og 13</i> | |
| | <i>Sum 12 og 13</i> | |
| | | |
| 26 | <p><i>Kombinasjon m:</i></p> <p><i>Kombinasjon av ruteområde 10, 11, 12 og 13</i></p> <p><i>Tilbydar som byr på kombinasjon m (nummer 26), må òg by på ruteområde 10, 11, 12 og 13 separat (nummer 20, 21, 23 og 24), og kombinasjon k og l (nummer 22 og 25). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i></p> | |
| | <i>Rute 10, dersom tildelt kombinasjonen 10, 11, 12 og 13</i> | |
| | <i>Rute 11, dersom tildelt kombinasjonen 10, 11, 12 og 13</i> | |
| | <i>Rute 12, dersom tildelt kombinasjonen 10, 11, 12 og 13</i> | |
| | <i>Rute 13, dersom tildelt kombinasjonen 10, 11, 12 og 13</i> | |
| | <i>Sum 10, 11, 12 og 13</i> | |
| | | |
| 27 | <i>Ruteområde 14</i> | |
| | | |
| 28 | <p><i>Kombinasjon n:</i></p> <p><i>Kombinasjon av ruteområde 10, 11, 12, 13 og 14</i></p> <p><i>(Tilbydar som byr på kombinasjon n (nummer 28), må òg by på ruteområde 10, 11, 12, 13 og 14 separat (nummer 20, 21, 23, 24 og 27), og kombinasjon k, l og m (nummer 22, 25 og 26). Tilbydar må òg skrive inn bod for desse.</i></p> | |
| | <i>Ruteområde 10, dersom tildelt kombinasjonen 10, 11, 12, 13 og 14</i> | |

| | | |
|--|--|--|
| | <i>Ruteområde 11, dersom tildelt kombinasjonen 10, 11, 12, 13 og 14</i> | |
| | <i>Ruteområde 12, dersom tildelt kombinasjonen 910, 11, 12, 13 og 14</i> | |
| | <i>Ruteområde 13, dersom tildelt kombinasjonen 10, 11, 12, 13 og 14</i> | |
| | <i>Ruteområde 14, dersom tildelt kombinasjonen 10, 11, 12, 13 og 14</i> | |
| | <i>Sum 9, 10, 11, 12, 13 og 14</i> | |
| | | |

3. Underteikning

| Stad | Dato | Forpliktande underskrift |
|------|------|--------------------------|
| | | |

VEDLEGG 4. BUDSJETT

Dette vedlegget inneheld kalkyleskjema som skal nyttast for kvart enkelt tilbod, jf. Prosedyrereglane punkt 5.5.2. Kalkyle skal utarbeidast både for heile kontraktperioden og per driftsår. Kompensasjonen i kvart driftsår skal vere lik målt i prisnivået for første driftsår. Tilbydaren skal fylle ut fullstendige kalkylar for kvart enkelt ruteområde som det er lagt inn tilbod for.

Ved kombinasjonsbod skal tilbydaren fylle ut fullstendig kalkyle for kvart delbod. I tillegg til å fylle ut skjema, skal tilbydaren òg levere kalkylane i elektronisk format. Samferdsledepartementet kan på førespurnad levere ei datafil med kalkyleskjema i Microsoft Excel format, jf. Prosedyrereglane punkt 2.4.

Alle beløp skal vere i 1000 kr og på prisnivået for det første driftsåret, dvs. 1. april 2022 – 31. mars 2023.

For andre driftsår skal kompensasjonsbeløpet i post 26 i budsjettet omreknast i tråd med tolv månadersendinga i konsumprisindeksen (KPI) frå Statistisk sentralbyrå i februar same året, jf. Prosedyrereglane punkt 5.5.2 andre avsnitt og vedlegg 2 punkt 7.1.

Andre driftsår er 1. april 2023 – 31. mars 2024.

